

Kartverket  
Postboks 600 Sentrum  
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.

Vår ref.

25/1147-3/KES

Dato

27.01.2026

## Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - tilråding

Me syner til eit namnesaksbrev som Kartverket skreiv til Fjord kommune 2. oktober i fjor og til eit svarbrev som kommunen skreiv til Språkrådet 4. desember.

Saka gjeld namnet på eit fjell og namnet på ein dal på nordsida av fjellet Torvløysa, namn på eit fjell litt sør for fjellet Torvløysa og eit undernamn til namnet på gard 156 i Fjord kommune. (Garden er SSR-registrert med *Øvstholmen* som hovudnamn.)

Namnet på eit fjell (ein fjellrygg) og namnet på ein dal på nordsida av fjellet Torvløysa

Dei to aktuelle einskildsakene er reiste med grunnlag i det som står i eit brev Kartverket fekk frå Arne Nydal 20. august i fjor. I den lokale høyringa som no er gjennomført, har det komme eit nytt brev frå Arne Nydal. Språkrådet syner i heilskap til det som står i dei to breva frå Nydal. Me har all grunn til å feste lit til det som står i dei to breva. Opplysningane frå Arne Nydal er støtta i eit høyringssvar som har komme frå ein av grunneigarane i området, Per Monrad Dahl. Me har ingen merknader til dei føreslegne skrivemåtane **Mefjellet** og **Medalen**. Det som står i dei innkomne breva, bør leggjast til grunn for den plasseringa namna får i SSR. (Namnet *Mefjellet* er SSR-registrert tidlegare, då med den nemnde skrivemåten som eineform. Eit likelydande namn lengre nord i same kommunen er registrert med same skrivemåten.)

Namn på eit fjell litt sør for fjellet Torvløysa


Det som står i eit brev Kartverket fekk frå Ivar Grønningsæter 31. januar 2025 og i eit høyringssvar Grønningsæter skreiv 30. oktober, tykkjest gje grunnlag for å la *Namnløysa* bli SSR-registrert som namn på det fjellet det er tale om i denne saka. Det ligg ikkje føre opplysningar som tyder på at det er nytta noko anna namn på den fjelltoppen det dreier seg om her. (Både i SSR og på nettsida Fylkesatlas er

*Brattløyfta* registrert som namn på ein fjellrygg som strekkjer seg opp mot toppen. Me tolkar dette slik at namnet *Brattløyfta* ikkje er dekkjande for sjølve fjelltoppen.) (Toppen ligg kloss i grensa mot Stranda kommune. Det har ikkje komme noka fråsegn frå den kommunen eller frå nokon som bur der.) Me har ingen merknader til skrivemåten **Namnløysa**.

*Holmehals* eller *Holmhals* – aktuelt undernamn til namnet *Øvstholmen*, namn på gard 156 i Fjord kommune

I den gjennomførte høyringa kom det ikkje inn noko høyrings svar i denne einskildsaka.

Namnet *Øvstholmen* er registrert på sida Fylkesatlas. Namnet *Holm(e)hals* er ikkje nemnt der. Dette namnet er avleidd av namnet *Holmen* (*Stordalsholmen*). På sida Fylkesatlas finst det ein god del parallelle avleiingsnamn, og alle desse er registrerte med ei uttaleform med *e*-fuge. Dei registrerte uttaleformene er /"hølmə,aksla/, /"hølmə,bu:jen/, /"hølmə,føNa/, /"hølmə,krå:kå/, /"hølmə,li:a/, /"hølmə,ne:se/, /"hølmə,sti:\*n/ og /"hølmə,sæ:tra/. (Det sistnemnde namnet er komme med i Heradsregisteret, og det er der registrert med oppslagsforma *Holmesetra*.) Ein del av dei aktuelle avleiingsnamna finst i SSR, og alle namna er førde opp med skrivemåten *Holme-* som eineform. (Jamfør med det redigerte kartutsnittet som er limt inn nedom her.) Me har vore i kontakt med ein person som er fødd i Stordal i





**Vedlegg:**

høyringsfråsegn frå Arne Nydal _ kopi av eit kart frå 1879	
Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - høyringsfråsegn frå Arne Nydal _ kopiar av fire bilete frå området	143870
Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - høyringsfråsegn frå Arne Nydal om namna Medalen og Mefjellet	143871
Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - høyringsfråsegn frå Ivar Grønningsæter om fjellnamnet Namnløysa	143872
Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - høyringsfråsegn frå Per Monrad Dahl om namna Medalen og Mefjellet	143873
Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - høyringsfråsegner _ oversendingsbrevet frå kommunen	143874
Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - opphavleg brev frå Arne Nydal	143875
Fjord kommune - nokre stadnamnsaker - oppstartsbrevet frå Kartverket	143876